

Breidablikk hytteforening

ÅRSMELDING FOR BREIDABLIKK HYTTEFORENING Sept 2017 – Aug 2018

Breidablikk hytteforening har per dato 71 medlemmar.

Styret har i perioden bestått av:

- *Kirsti Gjørvad (leiar)*
- *Roger Howden (kasserar)*
- *Ingvild Bøstrand (sekretær)*
- *Kjell Warholm (styremedlem)*
- *Bodil Berge (styremedlem).*
- *Varamedlemmar har vore Steinung Hovde og Tor Hole.*

Revisor har vore *Per Bjerke*.

Styret har i perioden hatt 4 møter.

Fylgjande saker og aktivitetar i hytteforeninga i perioden;

Gamle Geirangerveg:

Det har vore dialog med Skjåk kommune og Statens Vegvesen om vedlikehald og utbetring av Gml. Geirangerveg utan at det har kome til avklaring i eigarforhold og ansvar. Vegvesenet og kommunen seier begge at ansvaret ligg på den andre parten utan at nokon synest å ville ta saka til avklaring.

Påskebrev:

Det har vore sendt ut 1 medlemsinformasjon i form av Påskebrev.

Påskeaktivitet:

Skjærtorsdag vart dei årlege Påskeleikane arrangert i strålende påskever og godt frammøte med ca 70 personar. Det var fyr på bålpanna for grilling av pølser, og det var servering av gløgg og påskegodt. God deltaking i akekonkurransen som vart einaste aktivitet sidan det ikkje var snøforhold til å lage hopp. Mange premiar til deltakarane.



Breidablikk hytteforening

Oppkøyrde skiløyper i hyttefeltet:

Det vart gjort avtale med Skjåk skiløyper om å køyre opp skiløype langs Gml.Geirangerveg frå Grotli til Breidablikk. «Betinging» for løypene var i form av overføring av frivillig sum frå brukarane av skiløypene via Vipps. Det er berre registrert gode tilbakemeldingar frå medlemmane på tiltaket.

Møte med Skjåk kommune 22.6.2018:

Skjåk kommune inviterte hytteforeningane og grunneigarar til møte om aktuelle problemstillingar for hytteeigarane i kommunen. Sakene på agendaen var mellom anna Renovasjon, Breiband, Gamle Geirangerveg, Innlagt vatn. Det var god diskusjon og kommunen ynskjer at møtet skal bli eit fast kontaktutval for hytteeigarane i Skjåk kommune. Neste møte er beramma til hausten 2018. Referat frå møtet er sendt til medlemmane.

Heimesida:

Det blir lagt ut informasjon til medlemmane på framsida av heimesida. Aktivitet i foreininga blir lagt ut med eigne postar. Det er lagt ut ei medlemsliste over dei som har gitt melding om å ville stå på lista. Lista ligg på medlemsområde som er passordbeskytta. Foreininga sine eigne personvernreglar er lagt ut på heimesida, og elles er vi underlagt personvernreglane til Dmt Alvdal som er vår leverandør av nettside.

Fellestur:

Den planlagde fellesturen i haustferien 2017 frå Framruste til Grotli over Glittervatn vart avlyst på grunn av snø.

Trimpostane:

Trekning av vinnarane på trimpostane på *Hamsehytta*, *Viahø* og på *brua over Hamsa* blir kunngjort på årsmøtet 1. september. Premien er 3 gåvekort på 500 kr.

Årsmøtet 2017/18 på Grotli Høgfjellshotell 1. september 2018. Medlemsmøte etter årsmøtet og påfølgande middag med sosialt samvær.

Styret ynskjer fortsatt godt hytteår!

*Styret for Breidablikk
hytteforening
16 August 2018.*



Styret i
hytteforeininga
2017-2018. F.v.
Bodil, Kirsti, Roger,
Kjell og Ingvild.
Vararepr. Sveinung
og Tor var ikkje
tilstades då bildet
var teke.